

Eksempel på oppgåver i delprøven i munnleg kommunikasjon

Nivå A2-B1

Prøven på nivå A2-B1 har tre oppgåver. Kandidatane skal snakke aleine i to oppgåver, og snakke saman i éi oppgåve. Kandidatane kan spørje dersom dei ikkje forstår oppgåvene.

Før prøven startar blir kandidatane bedne om å fortelje heilt kort om seg sjølv. Dette er ei oppvarmingsøving som ikkje skal vere del av vurderingsgrunnlaget. Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 1-2 minutt.

OPPGÅVE A INDIVIDUELL A2 FORTELJE / BESKRIVE

I oppgåve A skal kandidatane snakke éin og éin i ca. 2-3 minutt. Eksaminator kan stille oppfølgingsspørsmål dersom det stopper opp.

Eksempel på oppgåver:

1. Kan du fortelje om korleis du brukar data/pc på skolen?
2. Kan du fortelje om kva du pleier å bruke pengar på?
3. Kan du fortelje om ein stad du har lyst å reise til?

Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt.

OPPGÅVE B SAMTALE A2-B1 UTVEKSLE SYNSPUNKT/ MEININGAR

I oppgåve B skal kandidatane snakke saman. Det er viktig at begge er aktive i samtalen. Eksaminator kan stille oppfølgingsspørsmål dersom det stoppar opp.

Eksempel på oppgåver:

1. Kan de snakke saman om korleis ein kan vere ein god ven?
2. Kva meiner de er det beste ein kan gjere for å bli kjend med nye folk?

Eksaminator stoppar kandidatane etter 5-7 minutt.

OPPGÅVE C INDIVIDUELL B1

UTTRYKKE SYNSPUNKT/ MEININGAR

I oppgåve C skal kandidatane snakke éin og éin om eitt tema kvar.
Eksaminator kan stille oppfølgingsspørsmål dersom det stoppar opp.

Eksempel på oppgåver:

1. Synest du det er bra at folk er opptatte av kropp og helse? Kvifor/kvifor ikkje?
2. Synest du det er viktig å ta vare på kulturen frå heimlandet ditt når du bur i Noreg?
3. Synest du at alle ungdommar bør ta ei utdanning?
4. Kva er positivt og negativt med å jobbe veldig mykje?

Eksaminator kan stille oppfølgingsspørsmål for å få kandidaten til å snakke meir.
Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt.

Ekstraoppgåver:

Kandidatar som tar A2-B1-prøven, kan få ekstraoppgåver frå B2-nivået dersom sensor meiner at kandidaten kan vere over B1-nivå. Sjå eksempeloppgåver for B2-nivået i eige dokument.